

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: 21/645-2/GG

Dykkar ref.:

Dato: 02.11.2021

## **Høyring om lovregel om DNS-blokkering av nettsider som tilbyr pengespel som ikkje har løyve i Noreg**

Medietilsynet viser til Kulturdepartementets høyringsbrev av 21. september 2021 med forslag om DNS-blokkering av nettsider som tilbyr pengespel som ikkje har løyve i Noreg.

Medietilsynet er statens forvaltningsorgan på medieområdet. Det følger av samfunnsoppdraget for Medietilsynet at tilsynet skal medverke til å oppfylle dei overordna mediepolitiske måla om ytringsfridom og demokrati gjennom ein open og opplyst offentleg samtale, jf. Grunnlova § 100. Medietilsynet medverkar til å fremme dei mediepolitiske måla ved å legge til rette for mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga.

Frå 1. januar i år er det ein ny regel i kringkastingslova om at Medietilsynet kan pålegge norske tv-distributørar å hindre tilgangen til marknadsføring i fjernsyn eller audiovisuelle bestillingstenester for pengespel som ikkje har løyve i Noreg. Før Medietilsynet vedtar eit slikt pålegg, skal Lotteritilsynet gi ei rådgivande fråsegn om den aktuelle marknadsføringa er i strid med reglar i pengespellova, lotterilova eller forskrift gitt i medhald av totalisatorlova. Den nye regelen i kringkastingslova skal medverke til å redusere talet på problemspelarar og negative konsekvensar av speleproblem. Regelen er i tillegg med å styrke einerettsmodellen som eit verkemiddel på pengespelområdet.

Regelen som er innført i kringkastingslova, og forslaget om heimel i lotterilova til å pålegge internettildarar å gjennomføre DNS-blokkering av nettsider som utan løyve tilbyr pengespel retta mot den norske marknaden, har mykje til felles. Dette gjeld blant anna grunngevinga. Medietilsynet meiner at dei to reglane kan supplere kvarandre på ein god måte. DNS-blokkering av nettsider kan ha ein nedkjølingseffekt og føre til at marknadsføring av pengespel i audiovisuelle bestillingstenester avtar.

Kulturdepartement har komme til at DNS-blokkering er eit meir effektivt tiltak enn DNS-varsling. Blokkering er dessutan mykje mindre komplisert å gjennomføre og mindre kostnadskrevjande. I tillegg viser departementet til at tolv EØS-land allereie bruker DNS-blokkering som tiltak mot ulovlege pengespel og ytterlegare seks EØS-land har tatt i bruk liknande metodar. Dette talar for å innføre DNS-blokkering slik departementet legg opp til.

DNS-blokkering kan tene som informasjon til publikum om at det aktuelle spelselskapet ikkje har løyve til å tilby spel til norske spelarar. Slik informasjon er viktig i eit kritisk medieforståingsperspektiv og kan sjåast i

samanheng med den nye regelen i kringkastingslova. Kritiske medieforståing handlar om at befolkninga skal kunne orientere seg i det dynamiske medielandskapet og ta informerte val om medieinnhald som blir produsert, konsumert og delt. Ein del av denne kritiske medieforståinga er å kunne skilje mellom lovleg og ulovleg kommersielt innhald i audiovisuelle medietenester.

Frå eit ytrings- og informasjonsfridomspektiv må styresmakter vere svært varsame med å gi heimel til å pålegge blokkering av nettsider. Slik Medietilsynet ser det, bør det berre kunne gjerast i heilt spesielle tilfelle etter ei grundig vurdering. I Noreg må ei slik vurdering vere basert på Grunnlova § 100 og EMK artikkel 10. Medietilsynet er samd i den vurderinga Kulturdepartement har gjort i høyringsnotatet. Det er òg viktig at Lotteritilsynet i kvar einskild sak tar ei sjølvstendig vurdering av omsynet til informasjons- og ytringsfridom slik forslaget til § 32a i pengespellova legg opp til.

Med helsing

Mari Velsand  
direktør

Hanne Nistad Sekkelsten  
direktør juridisk og regulatorisk avdeling

[Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift](#)